

REGIONAL KOMPETANSEHEVING, HAUST 2020 – VÅR 2022



«EG I MØTE MED BARNET»

Regional kompetanseordning (Rekomp) - info

Mål rekompondringa

- utviklingsprosess på eigen arbeidsplass
- barnehagen som lærande organisasjon
 - (der alle i personalgruppa skal reflektere rundt faglege og etiske problemstillingar, oppdatere seg og vere tydelege rollemodellar. Personælet skal ivareta relasjoner mellom barna i grupper, mellom barn og personælet og mellom personælet og førelesette)
- alle barn får eit betre barnehagemiljø av høg kvalitet
- skal vere ein prosess der aktørane bidreg til samskaping og gjensidig læring som endrar praksis.

Barnehagebasert kompetanseutvikling

Det er utviklingsarbeid som involverer heile personælet og som går føre seg i den enkelte barnehage. Arbeidet skal fremje kollektive prosessar for profesjonsutvikling og skal bidra til å utvikle heile barnehagen. Utviklinga skal skje på tvers av kompetanse og erfaring hjå personælet. Arbeidet skal vere forankra hjå barnehageeigar, styrar, ass.styrar og dei pedagogiske leiarane. Dei tre siste gruppene (styrar, ass.styrar og ped.leiarane) skal leie medarbeidarane i kompetanseutviklinga. I vår satsing skal arbeidet skje i samarbeid med HVL. Dei er med å vurdere behov, i planlegging og i å gjennomføre tiltak. Samarbeidet skal bidra til gjensidig læring og til å endre praksis.

Grunnar til at ein skal ha barnehagebasert kompetanseutvikling er

- den ansatte sin kompetanse er den viktigaste enkeltfaktoren for barn sin trivsel og utvikling
- krav om at barnehagen skal vere ein lærande organisasjon og eit lærande fellesskap
 - (vi skal vere i stand til å møte nye krav og utfordringar samtidig som ein skal drive med kontinuerleg kvalitetsutvikling)
- frå individuell til kollektiv kompetanseutvikling
- endring av praksis og utvikling av kvalitet

Dette skal vere eit utviklingsarbeid/endringsarbeid der vi arbeider systematisk med mål, innhald, arbeidsformer og organisering i organisasjonen for å utvikle verksemda. Vi ønskjer eit mindre prosjekt der vi ser varig endring på det aktuelle området.

Utviklingsarbeid «Eg i møtet med barnet»

Tematisk satsingsområde:

Sektormål: Barnehagen som pedagogisk verksemد

Hovudmål for utviklingsarbeidet

- Utvikling av vaksenrolla
- Opplæring i rettleiing av medarbeidarar
- At barna får reell medverknad



Bakgrunn for val av temaområde

Vi tok utgangspunkt i ståstadanalysen, og vi såg på kva satsingar vi allereie har som kan vere samanfallande og som gjer det lettare å holde den raude tråden i det arbeidet vi held på med.

Organisering

Samarbeid og likeverdig partnerskap med HVL. Dag Skram er vår samarbeidsperson (UP1).

UP1 skal planlegge og støtte i

- kartleggings- og analysefasen
- prioritering av tiltak
- planlegging på barnehagenivå (val av relevante tiltak)
- barnehagebasert kompetanseutvikling
- sikre det forskningsmessige blikket i denne fasen

Gjennomføring /evaluering

- støtte og dialogpartner underveis i prosess og innhald

Kva støttar partnerskap over tid?

- relasjonar (kjennskap, tillit og respekt), strukturar (møteplassar, rutinar) og innhald i samarbeidet
- må vere vilje og gjensidig forplikting – holdning til samarbeidet
- ta i bruk ulike posisjonar
- kompetanse – kunnskapsdeling og utvikling

- investering av tid
- delt innflytelse
- relevans og innveving i den daglege verksemda
- felles plattform og mål
- felles forskningsprosjekt
- forventningsavklaring og utvikling av felles forståing

Organisering internt

Styrar, ass. styrar og ped.leiarane har eit felles ansvar for å drive utviklingsarbeidet framover. Alle må vere med å analysere behova, bidra i arbeidet med dei.

Vi skal bruke planleggingsdagar, personal-, ped.leiar- og avdelingsmøter som forum for å jobbe med det.

Det blir ei blanding av førelesarar, litteratur og diskusjonar.

Vaksenrolla

Personalet sine faglege kvalifikasjonar er av vesentleg betydning for kvaliteten av barnehagetilbodet. Derfor har vi valt ut følgjande punkt å jobbe med knytt til vaksenrolla:

Fn's barnekonvensjon med fokus på desse artiklane:

- Artikkel 3 - Barnet sitt beste
- Artikkel 12 – Barnet sin rett til å gi uttrykk for sin mening
- Artikkel 13 – Ytrings- og opplysningsfriheit
- Artikkel 31 – Kvile og fritid

Korleis møter vi barna profesjonelt?

- > kan personalet sin veremåte ha innverknad på korleis barn er og korleis dei reagerer?
- > evt på kva måte kan dette har innverknad for barnet / barna?
- > evt på kva måte kan dette ha innverknad for personalet?

Circle of security (COS) – gjennomgang av leksjonane i COS – programmet for føresette

Frå hausten 2020 nyttar vi personalmøter til å gå gjennom dei ulike leksjonane i Circle of security Parenting med heile personalgruppa.

I samarbeid med HVL og Dag Skram vil vi ha fokus på tema som

- synet på barn (human beeings -> å bli snakka med, medverknad)
- omsorgsrelasjon (omsorg, relasjoner, språk, tilknytning)
- sjølvbilde
- kollegarettleiring
- refleksjon over eigen praksis
- tilbakemeldingskultur

Psykisk helsefremjande barnehage – jobbar med boka «Barn er budbringere»

Område 3 – Leiarskap

Fokus på å vere leiar og korleis vi gir tilbakemeldingar

Område 4 – Større, sterkare, klokare og god, oppstart planleggingsdag 4. januar 2020

Fokus på relasjonsarbeid og at alle i personalgruppa skal utvikle sin gjerekompetanse

Medverknad (henta frå årsplan)

og arbeid med desse spørsmåla

- kva er medverknad for dei ulike aldersgruppene
- kvifor seie nei, når du kan seie ja.....
- vi seier ikkje nei før vi veit kvifor vi seier nei og kan begrunne det pedagogisk



FRAMDRIFTSPLAN – grovskisse

1. semester	2. semester	3. semester	4. semester
Haust 2020	Vår 2021	Haust 2021	Vår 2022
<p>Forankring i personalgruppa - kva treng vi å vite meir om? (bruke persmøter og plandag)</p> <p>Oppstartssamling okt 2020 m/HVL og andre barnehagar som deltek i komputviklinga</p> <p>Lage plan for utviklingsarbeidet</p> <p>Oppstart gjennomgang av leksjonane i COS (personalmøta)</p>	<p>Samarbeid med HVL og forankring mellan UP1 og barnehage (dei som leiari prosjektet) - møte 14. januar 21</p> <p>Prosjektskisse - Ferdigstille skisse for utviklingsarbeidet</p> <p>Felles forståing av sentrale omgrep i ordninga</p> <p>Kartlegging av behovet</p> <p>Fastsetje kompetanseutviklingstiltak</p> <p>Framhald av leksjonane i COS (personalmøta)</p>	<p>Kompetanseutvikling etter plan og i samarbeid med UP2</p> <p>Rettleiing - opplæring og utprøving av rettleiing</p> <p>Fagsamtale? Samtale i personalgruppa</p>	<p>Kompetanseutvikling etter plan og i samarbeid med UP2</p> <p>Rettleiing</p>

Det skal leverast /sendast inn ein rapport 30. juni 2021.

PROSJEKTPLAN

Prosjektplanen byggjer på grovskissa. Her vil det vere flytande overgangar mellom fasane og semestera.

1. Defineringsfase (haust 2020)	2. Utprøvingsfase (vår 2021)	3. Utprøving og evaluering (haust 2021)	4. Evaluering og drift (vår 2022)
Kvar er vi? Kvar skal vi? Kva gjer vi? Spørsmål å stille seg: Kva vil vi endre eller fokusere på? <i>Vi har ei satsing på psykisk helsefremjande barnehagar og korleis personalet ivaretak barnet sitt beste ut frå FN's barnekonvensjon</i> <i>Korleis møter vi barna profesjonelt?</i>	Plan Kompetanse Trening Utarbeide prosjektplan - ferdig i løpet av mars2021 Kva områder set vi fokus på? Medverknad - kva inneber medverknad for dei ulike aldersgruppene Tilbakemeldingskultur	Informasjon Analyse Tolkning Spørsmål å stille seg: Kva har vi oppnådd? Har vi nådd måla? Kvifor/ kvifor ikkje? Kva har vore opplevingar og læring for barn, personale, foreldre, eigar, forskningsfeltet? Kva kan vidareutviklast? Kva kan overførast til vidare drift? Korleis kan vi finne svar på dette?	Korrigering Standardisering System
Kvifor er det viktig å setje fokus på dette? <i>Barn har rettigheter gjennom Fn's barnekonvensjon, grunnlova, barnehagelova og rammeplanen som vi er plikta å ta omsyn til</i>	Den profesjonelle vaksne Den bevisste vaksne Rettleiing av medarbeidaranar Livsmeistring – korleis ivaretak personalet det?		
Kva veit vi frå før? <i>Vaksne har ei avgjerande betydning for kvaliteten i barnehagen</i> <i>Det er lettare å snakke om kva ein skal gjere enn å faktisk utføre det</i>			

<p>Korleis kan vi synleggjere situasjonen slik den er i dag? <i>Jobb over lengre tid og gjennom diskusjonar har vi danna oss eit bilde av slik det er</i> <i>Observasjonar</i> <i>Kartleggingar</i> <i>Praksisforteljingar</i></p> <p>Kva synspunkt kjem fram i refleksjonar over dokumentasjonen av noverande praksis? <i>Vi kan bli betre</i></p> <p>Kva ønskjer vi å oppnå? (kva er måla våre?)</p> <ul style="list-style-type: none"> - <i>utvikling av vaksenrolla</i> - <i>møte barn på profesjonell måte som er med på å ruste dei for livet</i> <p>Kva vil du prøve ut? Kva vil vi gjøre?</p> <ul style="list-style-type: none"> -<i>diskusjonsoppgåver</i> -<i>utprøvingsarbeid mellom øktene</i> -><i>rettleiing</i> -><i>fagsamtale</i> 	<p>Førelesing v/Dag Skram «Eg i møte med barnet» - tema kommunikasjon</p>		
<p>Nøkkelspørsmål</p> <p>Kva er det som opprettheld utfordringen og gamal praksis?</p> <p><i>Vanskeleg å endre seg</i></p> <p><i>Manglande vilje og trening til å</i></p>	<p>Nøkkelspørsmål</p> <p><i>Kva temaområde må vi ha for å utvikle oss til å bli meir profesjonelle?</i></p>		

<i>endre seg</i> <i>Gap mellom tankar og handling</i>			
Metodar for korleis analysere og vurdere NO-situasjonen - observasjon - Intervju -Dokument -Spørjeskjema -Logg -Barnesamtalar -Kvalitetskjenneteikn -Praksisforteljing	<u>Plandag 4. januar 2021</u> Område 4 Større, sterkare, klokare og god frå boka «Barn er budbringere» Webinar –Styd Fokus på vaksenrolla - kvifor jobbar eg i barnehage? - barnet sitt beste - relasjonar - kva gjer eg for å bli betre? sjølvrefleksjon		
<u>Planleggingsdag 13.8.20</u> Informasjon om satsinga til alle i personalgruppa	Personalmøter <u>16. februar</u> – Dag Skram, HVL Fokus på - synet på barn - omsorgsrelasjonar - sjølvbilde		
<u>Personalmøte 13.10.20</u> Arbeid i grupper med alle Kva skal vi legge i prosjektet?	<u>10. mars</u> – utprøvingsarbeid, vi jobbar med Noter 2-3 situasjonar/hendingar som kollegaen din takla godt og 2-3 situasjonar der du kunne tenkt deg ar det var sagt eller gjort noko amma		

	og gi tilbakemelding m dette (avdelingsvis jobbing)		
<u>Hausten 20</u> COS – leksjonar i personalmøte (1, 2, 3 og 4) <u>Hausten 20</u> Område 3 – Leiarskap «Barn er budbringere» Gjennomgang i ped.leiarmøta og personalmøte	<u>22. april</u> – Dag Skram, HVL Fokus på - kollegarettleiring - refleksjon over eigen praksis		

Leseliste

- «Barn og voksne i balanse – nøkler til livsmestring i barnehagen» av Anne Sælebakke, Barnehagefolk 1 – 2017
«Spedbarnet deler sin livsrytme med oss» - Barnehagefolk 3 – 2012
«Slik fremmer du barns psykiske helse i barnehagen» - Andrea Celin Werner, Læringsverkstedet, 26.05.2017
«Hvordan vet du at barnet ditt går i en god barnehage?» - Maria gilje Strand, 18.01.2021
«Barn er budbringere», Line Melvold, 2019